



Notat

Dato: 03.01.2019
Arkivsak: 2018/161-2
Saksbehandlar: tonhaug

Til: Utval for kultur, idrett og regional utvikling

Frå: Fylkesrådmannen

Tilskot til musikkfestivalar i Hordaland gjennom Norsk kulturfond/Kulturrådet

Musikkfestivalane er viktige for kulturlivet i Hordaland, og for dei største festivalane og for dei festivalane som er mest spissa kunstnarleg er tilskot frå Norsk kulturråd/Norsk Kulturfond svært viktig. Dei aller fleste av festivalane som får tilskot gjennom kulturfondet har ei finansiering som inneberer tilskot frå ulike partar, m.a. også kommune og fylkeskommune. Fylkesrådmannen vil difor her informere om tildelingane for festivalar 2019 frå Norsk kulturfond som vart gjort av Musikkutvalget for arrangør- og festivalstøtte/Rådsmøte 12. – 13./12. 2019.

Det kom 21 søknader frå Hordland til denne ordninga for 2019, og 18 av desse vart innvilga. Det vart til saman løyvd 29 150 000 kroner frå Norsk kulturfond til festivalar i fylket for 2019, med ei auke på 1,1 million frå i fjor.

Kulturfondet har til saman gitt tilsegn på 230 millionar i tilskot for åra 2019 og 2020. For 2019 vart 226 søknader handsama i ordninga for musikkfestivalar.

Vedtaka ved denne siste tildelinga har i stor grad følgt opp den retninga som vart påbegynt i handsaminga for 2018 etter at ordninga vart revidert i 2017, m.a. til å innbefatte både dei tidlegare knutepunktfestivalane og mindre, nyare festivalar som tidlegare var henvist til å søke ordning for musikkarrangørar.

Det er ei stadig auke i tal på søkjarar til denne tilskotsordninga - frå rundt 175 for 2012, til rundt 275 for 2018 no, og rundt 100 prosent fleire no enn for ti år sidan. For 2019 er det gitt tilskot til 158 festivalar i alle sjangrar over heile landet. Det har ikkje vore tilført friske midlar til ordninga for 2019 utover pris- og lønnsjustering.

Det er fem festivalar som har fått monaleg auke i sine tilskot for 2019, og to av dei ligg i Hordaland. *Den største* auka for 2019 har Borealis festival for eksperimentell musikk i Bergen, dei har fått ei auke frå 950 000 kroner for 2018, til 1 400 000 for 2019. Nattjazz i Bergen har også fått ei auke på 200 000 og ligg no på 2 200 000 kroner i tilskot frå Norsk kulturfond. Olavsfestdagene i Trondheim (no 9 800 000), Kongsberg jazzfestival (til 2 600 000) og Barokkfest i Trondheim (til 650 000) fekk ei tilsvarende auke som Nattjazz.

Festspillene i Bergen

Dei tidlegare knutepunktfestivalane ligg på nokonlunde same tilskotssum for 2019 som i fjor. Då vart det gitt ei lita nedgang frå det desse festivalane fekk i tilskot før dei vart ført inn i denne nye ordninga. Kulturrådet uttalte då at dei er behalde på eit nivå som gjer dei i stand til å vidareutvikle seg som spydspissar i sin sjanger og region, samtidig som dei bidreg til å jamne ut ulikskaper mellom

musikkfestivalar som tidlegare låg under knutepunktordninga og andre festivalar. Festspillene i Bergen har vore og er framleis i ei særstilling blant norske festivalar med sit tilskot på nærare 21 millionar i 2017, 19,5 millionar for 2018 og 2019.

Fylkesrådmannen ser at det kan vere vanskeleg å sjå på heilskapen i festivalfeltet og samtidig ivareta desse tidlegare knutepunktinstitusjonane. Fylkesrådmannen viser igjen til tidlegare politiske vedtak frå Hordaland fylkeskommune som er oversendt Kulturrådet og Kulturdepartementet der verken fylkeskommunen, Bergen kommune eller Festspillene sjølv ser det som hensiktsmessig at tilskot til Festspillene i Bergen skal ligge i denne nye festivalordninga, og meiner at ein post i statsbudsjettet ville vere riktigare.

Fleirårig støtte

Ein del av omlegginga i tilskotsordninga for musikkfestivalar var at Kulturrådet opna for at festivalane kunne søke om tilskot for opp til fem år. Jo meir langsiktig støtte ein skulle søkje jo sterkare krav om dokumentert støtte frå lokale/regionale mynde. For å gje femårig støtte måtte festivalane legge ved dokumentasjon frå heimfylke og -kommune om at desse forplikta seg på ein prosentvis fordelingsnøkkel mellom statlege og regionale midlar. Dette var omdiskutert, og vanskeleg for kommunar og fylkeskommunar då ingen mynde kan forplikte seg utover vedteke årleg budsjett. I dei to fordelingane etter revideringa er ingen festivalar gitt tilskot for meir enn tre år. Kulturrådet meldte i fjor at ein av grunnane til dette er at få festivalar kunne levere tilfredstillande dokumentasjon på regional/lokal støtte. Dei har ved siste tildeling ikkje gitt tilsegn lenger fram enn til 2020, no med grunngeving at fleirårige tildelingar kan virke konserverande på festivalfeltet og at dei ønskjer å sjå på heilskapen i feltet og evaluere etter at tilskotsordninga har fungert i 3 år. Forutsigbarheit vs utvikling er ei klassisk problemstilling når det gjeld tilskot til kulturaktørar.

Vedlagt notatet er fullstendig oversikt over alle tilskot i Kulturrådet / Norsk kulturfond si festivalstøtteordning for 2018 - 2022

Elles kan de finne meir informasjon og oversikter på Kulturrådet sine nettsider

<https://www.kulturradet.no/musikk/vis-artikkel/-/230-millioner-til-musikkfestivaler-over-hele-landet>

Vedlegg

- 1 Tilskot til musikkfestivalar frå Norsk kulturfond/Kulturrådet 2018 - 2022
- 2 Tilskot til musikkfestivalar frå Norsk kulturfond/Kulturrådet - fylkesoversikt